Hjartdal kommune

Samfunnsutvikling

Saksbehandlar:
Helge Bekkhus

Saksnummer:
2025/133- 8

Dato:
24.04.2026

«MOTTAKERNAVN»
«Adresse»
«POSTNR» «POSTSTED»
«UtlandsAdresse»
«KONTAKT»

Høyring - Forskrift om utvida bandtvang Hjartdal kommune frå 2026

Vedlagt følger høyringsutkast til ny forskrift for utvida bandtvang i Hjartdal kommune. Svarfrist på høyringa er 5. juni 2026.

Bakgrunn for høyringa

Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag / Aust-Telemark Sau og Geit har i eit brev bede kommunen om å innføre lokal forskrift om utvida bandtvang. Grunngjevinga er at det i beitesesongen dei siste åra har blitt meldt frå saueeigarar i Hjartdal om uønskte tap og situasjonar; sau har blitt spreidd til andre områder og lam som er komme vekk frå sine mødre. Fleire bønder har strevd med å finne igjen dyr som er sendt til fjells.

I Hjartdal kommune går husdyr, særleg sauer, på utmarksbeite utover perioden 20. august. Det er samtidig betydeleg bruk av utmarka til friluftsliv og rekreasjon. Kommunen har derfor fått førespurnaden frå Hjartdal og Notodden Bonde og Småbrukarlag og Aust-Telemark Sau og Geit om tydelegare regulering av bandtvang utover den nasjonal bandtvangsperioden.

Kommunen har fram til nå fått få eller ingen klager på dagens ordinære bandtvang til 20. august. Kommunen ser likevel at det kan være enkeltområde der småfe beitar i utmark og friluftsliv med hund kan være i konflikt. Husdyr beiter ofte langt ut i september i utmark, og det er ein periode der turfolk brukar tid i same området.

Bandtvang etter hundelova

Hundehold blir regulert av hundelova. Lova fastsett som hovudregel generell bandtvang i perioden 1. april til og med 20. august, jf. § 6 første ledd.

Hundelova gjev samtidig kommunane tilgang til å fastsetja lokale forskrifter om bandtvang når lokale forhold tilseier det, jf. § 6 andre ledd. Formålet med slike forskrifter er mellom anna å:

- verna husdyr på beite
- vareta vilt og biologisk mangfald
- redusera konfliktar mellom hundehald, landbruk og friluftsliv.

Forslaget til forskrift inneheld enkelte unntak, slik det går fram i hundelova §9, utdrag:
a. hund når den brukas i reindrift.
b. dressert bufehund når den brukas til å vokte eller gjete storfe, sau eller geit.
c. hund i aktiv politi-, toll-, militær-, rednings- og offentleg oppsynsteneste
d. hund i aktiv bruk som ettersøkshund etter såret eller sjukt vilt.
e. hund med særlege bruksformål, avgrensa områder eller nærmare angitt hunderase, eller hundetypar eller for hundar som har særskilt trening, når dette er fastsett av kommunen.
f. hund når den brukas for jakt, jakthundtrening og jaktprøver mellom 20. august og 1. april
g. førarhundar i aktiv teneste eller under trening eller prøving for slik teneste.

Forslag til forskrift sendast på høyring

Forslag til forskrift er utarbeid av kommunedirektør og lagt fram som sak i Utval for plan og utvikling 15.april 2026 og kommunestyret 22. april 2026 der dei konkluderer med at utkast til forskrift sendast på høyring

Svarfrist på høyringa er 5. juni 2026

Innspel til høyringa sendast anten

på e-post til: postmottak@hjartdal.kommune.no

eller i posten til: Hjartdal Kommune, Saulandsvegen 414, 3692 SAULAND.

Merk saken med 2025/133.

Med helsing

Janne Væringstad
Kommunalsjef samfunnsutvikling

Helge Bekkhus
Samfunnsutviklar - skog/næring

Dokumentet er signert elektronisk

Vedlegg:

1 Forskrift om bandtvang i Hjartdal kommune - høyringsutkast_april2026
2 Saksprotokoll Forslag til lokal forskrift om utvida bandtvang Hjartdal kommune - høyringsutkast - Kommunestyret
3 Utvida båndtvang.pdf

Mottakarar:

TELEMARK FYLKESKOMMUNE

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

HJARTDAL OG NOTODDEN BONDE OG SMÅBRUKARLAG

AUST TELEMARK SAU OG GEIT

HJARTDAL BONDELAG

Hjartdal Skogeigarlag

NOTODDEN OG HJARTDAL TURLAG

BREIVATN VELFORENING HJARTDAL

TUDDAL HYTTEFORENINGERS FELLESUTVALG

REISJÅ - BONDAL UTMARKSLAG SA

TELEMARK FUGLEHUNDKLUBB

TELEMARK ELGHUNDKLUBB

Hjartdal Bestandsplanområde

SELJORD KOMMUNE

TINN KOMMUNE

NOTODDEN KOMMUNE

VINJE KOMMUNE

Kopi:

Helle Kaufmann Gjerde

Edvard Eikemo